

Studieplan for murarkurs På Hjerleid, Dovre 11.- 15.oktober 2010.

KURS FOR UTØVARAR MED VARIERT ERFARINGSGRUNNLAG

Kurs i tørrmuring

Som innleiing til kurset vil vi gje ein kort omtale av bruk av tørrmura konstruksjonar, dei vanlegaste formene for mur og grunnprinsippa for tørrmuring.

Hovuddelen av kurset vil vera praktisk øving. Me skal øva oss på å byggja ei steinbu i Bygningsparken, dvs. dobbeltvanga mur (kistemur). Materialet er lokal stein frå Dovre.



Lurt å ha med seg:

Arbeidsklede

- Gode arbeidsklede, gjerne med knebeskyttarar
- Regntøy og gummistøvlar viss veret tilseier det

Verneutstyr

- Augnevern og hørselsvern. Ein kan bruka vernebriller og hørselsvern kvar for seg. Det finst også slike skjermar av plast med hørselsvern i eitt. Ei greitt alternativ er å bruka ein ”skogshjelm” – ein slik hjelm som dei bruker ved arbeid med motorsag. Der er det oftast ein skjerm av ”netting” og det er hørselsvern på.
- Vernesko/-støvlar
- Handskar etter behov

Verktøy

Eg kjem til å ta med meg noko verktøy, men det er fint viss folk har med seg slikt verktøy som dei trur dei vil trenga. Det kan vera:

- Ein liten steinhammar (helst ein slik der pennan går på langs av skaftet); det er ein slik hammar som ein handterer lett med ei hand og som ein stadig nyttar til småarbeid på steinen
- Sleggje
- Spitt (her kan det veras nyttig både med lange spitt og slike korte som ein kan bruka med ei hand, nærmast kubein)
- Meisel

Dersom ein har, er det fint om ein kan ta med seg:

- Piggsett
- Holsett (dobbelsett)

Ein sett liknar på ei sleggje, men er oftast mindre og er kvesst i eine enden. Piggsetten er kvesst i ein spiss, medan holsetten er smidd i ei konkav form slik at han får to ”eggar”.

Ta ein tur og sjå om det ligg noko steinverktøy etter bestefar eller oldefar!

Haakon Aase 2010